

**Notat**

Dato: 12.12.2016  
Arkivsak: 2014/15627-34  
Saksbehandlar: lisadla

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Svar på spørsmål - Trong for auka kapasitet og betre ordningar for innfartsparkering i Bergensområdet**

Nils Marton Ådland (H) har stilt spørsmål om kva tiltak fylkeskommunen vil setje i verk for å betra på situasjonen når det gjeld å auke talet på plassar for innfartsparkering og, dermed medverke til å auke talet på kollektivreisande i Bergensområdet.

Ådland peikar på at etter rushtidsavgifta blei innført i februar i år så har bruken av plassane for innfartsparkering auka.

Teljingar som er utført på innfartsparkeringsplassane både før og etter at rushtidsavgifta blei innført i februar stadfestar at fleire har nytta plassane etter at avgifta er blitt innført.

I 2017 vil arbeidet med å få på plass nye innfartsparkeringsplassar halde fram. Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen arbeider aktivt for å følgje opp gjeldande strategi for innfartsparkering. Arbeidet for å få på plass fleire plassar for innfartsparkering skjer i samarbeid med kommunane, Skyss, Statens vegvesen og private aktørar. Det vert teke sikte på å utarbeide eit handlingsprogram for gjennomføring av strategien i 2017. Dette er og teke opp i budsjettforslaget til fylkesrådmannen for 2017. I budsjettforslaget er det og lagt opp til å tilsetje ein medarbeidar i ei to-årig prosjektstilling som skal utarbeide handlingsprogrammet for innfartsparkering og følgje opp dei ulike tiltaka og etableringa av nye innfartsparkeringsplassar.

I handlingsprogrammet til Kollektivstrategi for Hordaland som er på sakskartet på fylkestinget i desember, er det varsla at det kjem ei eige sak om oppfølging av strategi for innfartsparkering til politisk handsaming i løpet av første halvår 2017.

På møte i Utval for miljø og samferdsel 1. desember 2016 vart det stilt fleire spørsmål innfartsparkering. Fylkesrådmannen vil komme attende med eit samla svar på dei spørsmåla.

